

Til: Fiskeridirektoratet og Mattilsynet

Bømlo, 18. mars 2026

Høyringsvar – forslag til forskrift om styring av akvakultur

Me viser til høyring om forslag til ny forskrift om styring av akvakultur. Dette høyringssvaret kjem frå familieeigde oppdrettsaktørar og me ønskjer å gje nokre overordna og praktisk retta innspel til forslaget.

Overordna vurdering

Me støttar intensjonen bak forskrifta om å styrkja systematisk styring, risikoforståing og kontinuerleg forbetring i næringa. God risikostyring og tydeleg ansvar er viktige føresetnader for forsvarleg drift, god fiskevelferd og tillit til næringa.

Samtidig er me uroa for at fleire av krava i forskrifta, slik dei no er utforma, i praksis kan få uforholdsmessige konsekvensar for små og mellomstore verksemdar, særleg når det gjeld omfanget av formalisering, dokumentasjon og administrative ressursar.

Skalerbarheit og proporsjonalitet (§2-4)

Forskrifta legg til grunn at styringssystemet skal tilpassast verksemda si storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Dette er eit viktig prinsipp. Samstundes opplever me at sjølve forskriftsteksten i liten grad konkretiserer korleis denne tilpassinga skal forståast og praktiserast i tilsynssamanheng.

For små aktørar med få lokalitetar, korte beslutningslinjer og avgrensa administrativ kapasitet er det avgjerande at krava blir praktiserte proporsjonalt. Me meiner det er behov for tydelegare føringar eller rettleiing som klargjer kva som er eit tilstrekkeleg nivå på styringssystem, risikovurderingar og dokumentasjon for verksemdar av ulik storleik. Me meiner at det trengst eit rettsleg relevant vurderingskriterium slik at små aktørar får føreseielege og adekvat rettleiing frå tilsynsmyndigheitene.

Målstyring og målhierarki (§2-7)

Forskrifta stiller krav om fastsetjing, evaluering og vidareutvikling av mål på ulike nivå, med tilhøyrande kriterium, planar og tiltak. Me er samde i at mål og systematisk forbetringsarbeid er viktige verkemiddel. Samtidig er me uroa for at krava slik dei no er utforma i praksis pålegg verksemdene å byggja opp eit omfattande og detaljert målhierarki.

Det er uklart for oss om dette nødvendigvis vil gi betre kvalitet i den faktiske drifta eller betre fiskevelferd. Det er ein reell risiko for at merksemd og ressursar i større grad blir retta mot struktur, dokumentasjon og etterprøvarheit, framfor konkrete tiltak i den daglege drifta. Me er også uroa for at dokumentasjonskravet frå tilsynsmyndigheitene kan bli høgare enn det som er naudsynt for å gje reell styrings- og risikoreduserande effekt. Det bør forankrast i forskrifta at dokumentasjonskravet er avgrensa til hovudformålet med forskrifta. Me meiner det må slåast fast at effekt i praksis blir vektlagt høgare enn formell struktur, og at omfanget av målstyringa må tilpassast verksemda si storleik.

Dokumentasjon og ressursbruk (§2-9)

Forskriftsforslaget inneber ei tydeleg skjerping av krava til skriftleggjering, dokumentasjon og systematikk. Mykje av det som no blir kravd, blir allereie gjort i praksis hos mange små aktørar, men i meir uformelle former.

For vår del vurderer me at dei samla dokumentasjonskrava vil innebera ein auke i tidsbruk og administrative kostnader. Denne ressursbruken kjem ikkje til å stå i rimeleg forhold til den faktiske risikoreduksjonen som blir oppnådd.

Beredskap med delte ressursar (§3-4)

Mange små oppdrettsverksemdar er avhengige av delte og eksterne beredskapsressursar, som brønnbåt og servicefartøy, som ligg utanfor eigen operativ styring. Slik forskrifta no er utforma, er det ein risiko for at verksemdene blir gjort ansvarlege for beredskap dei i praksis ikkje har reell kontroll over. Dette kan føre til uforholdsmessige krav til dokumentasjon og avtalestruktur utan tilsvarande effekt på risikoreduksjon eller fiskevelferd.

Me meiner difor at ansvaret etter § 3-4 tydeleg bør avgrensast til forhold verksemda faktisk har styring og påverknad over.

Å spela på lag med næringa (§ 4-1)

Mattilsynet og Fiskeridirektoratet skal føra tilsyn med krava i forskrifta. Det er viktig at me som oppdrettarar spelar på lag med forvaltninga – og det er viktig at forvaltninga spelar på lag med oss. Altså at me begge bidrar til kontinuerleg forbetring. For at tilsynsarbeidet etter § 4-1 skal få best mogleg effekt, meiner me det er avgjerande at det i omgrepet «tilsyn» ligg ein god porsjon rettleiing. Me meiner både tydelege forventningar i skriftlege rettleiarar til korleis forskrifta skal tolkast, og dialogbasert rettleiing for det enkelte selskap det blir ført tilsyn mot. Dette vil styrkja etterlevinga av regelverket og bidra meir effektivt til betre fiskevelferd enn einsidig søkelys på kontroll, sanksjonar og formelle avvik. Me oppmodar difor til at rettleiing blir ein tydeleg og integrert del av tilsynspraksisen.

Konkrete forslag til endringa i forskrifta

Innspela våre kan løysast på ulike måtar, men me har tillatt oss å koma med forslag:

Forslag til tillegg i §2-4: «Ved vurdering av om kravene i forskriften er oppfylt, skal tilsynsmyndighetene legge avgjørende vekt på virksomhetens størrelse, kompleksitet, risikoprofil og faktiske påvirkning på teknisk, biologisk, miljømessig, dyrehelse- og dyrevelferdsmessig risiko.»

Forslag til ny §2-7 andre ledd: «Det skal være samsvar mellom mål på ulike områder og nivå i virksomheten. Omfanget og detaljnivået i målstyringen skal stå i rimelig forhold til virksomhetens størrelse, aktivitet og risikobilde.»

Forslag til ny §2-7 femte ledd: «Det skal utarbeides planer og tiltak for å oppnå målene. Ved vurdering av måloppnåelse skal faktisk effekt på fiskevelferd, risikoreduksjon og forsvarlig drift tillegges større vekt enn graden av formalisering eller detaljnivå i målstyringssystemet.»

Forslag til ny §2-9 tredje ledd: «Dokumentasjonskravet skal begrenses til det som er nødvendig for å vise etterlevelse av forskriften, og skal ikke gå lenger enn det som gir reell styrings- og risikoreduserende effekt.»

Forslag til presisering i § 3-4: «Der beredskapsressurser deles mellom flere virksomheter, skal ansvaret for den enkelte virksomhet begrenses til forhold virksomheten faktisk har styring og påvirkning over.»

Forslag til ny § 4-1 andre ledd: «Tilsyn etter denne forskriften skal, der det er formålstjenlig, legge vekt på veiledning og dialog som virkemidler for å fremme etterlevelse, kontinuerlig forbedring og bedre dyrevelferd.»

Avslutning

Avslutningsvis vil me understreka at målet med innspela våre ikkje er å svekkja krava til styring, risikohandtering eller fiskevelferd, men å bidra til eit regelverk som i større grad gir reell effekt i praksis. For små og mellomstore oppdrettsverksemdar er det avgjerande at krava er proporsjonale, føreseielege og retta mot faktisk risikoreduksjon, framfor omfattande formalisering og administrativ belastning.

Me meiner dei foreslåtte presiseringane vil styrkja forholdet mellom forvaltning og næring, auka etterlevinga av regelverket og betra kvaliteten på den faktiske drifta. Dermed bidrar dette positivt til fiskevelferd og tillit til næringa som heilskap.



Erik Fylkesnes
Dagleg leiar,
Fylkesnes fisk AS

Desse stiller seg bak høyringsinnspela:

- | | |
|------------------------------|--|
| - Telavåg Fiskeoppdrett | v/ Knut Joachim Pedersen, dagleg leiar |
| - Fremskridt laks | v/ Torleif Stokke, dagleg leiar |
| - E Karstensen fiskeoppdrett | v/ Nils Tore Karstensen, dagleg leiar |
| - Engesund Fiskeoppdrett A/S | v/Svein Eivind Gilje |